

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 202418181
Vår ref: 2025/29462
Dato: 15.04.2025

Mattilsynet sitt fråsegn til endra manøvreringsreglement for Byrtevatn - Tokke kommune

Vi syner til oversendte dokument frå NVE som gjeld høyring av søknad om endra manøvreringsreglement for Byrtevatn kraftverk i Tokke kommune, Telemark fylke. Dykkar saksnummer 20241818.

Saksopplysningar

Statkraft Energi AS søker om løyve etter vassdragsreguleringslova § 9 til å endre et av vilkåra i revidert konsesjon av 17.06.2022 for Tokke-Vinjevassdraget.

I revidert konsesjon frå 2022 er det stilt følgjande krav om minstevassføring frå Byrtevatn: «Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m³/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 435». Vassleppet vart første gong sleppt våren 2023 og Statkraft erfarte då at nivået i elva nedanfor dammen låg 1,2 meter høgare enn kravet på kote 435. Ved opning av luka rann vatnet derfor feil veg, frå elva og inn i magasinet. Statkraft ønskjer ei løysing som baserer seg på naturleg sjølvfall, og søker derfor om å endre kotehøgde i kravet til følgjande: «Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m³/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 437,5».

Statkraft skriv at alternativet vil gjere at det kan etablerast ei enkel teknisk tappeanordning, basert på røyr gjennomføring frå magasinet og ut i tappetunnelen. Etter Statkraft si vurdering vil ikkje endringa av kotehøgde medføre nokon ulemper eller negative miljøkonsekvensar.

Mattilsynet sine merknader

Som høyringsinstans i planarbeid skal Mattilsynet bidra til at planane tek vare på nasjonale og regionale interesser innanfor områda drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd.

Mattilsynet var ikkje involvera i den store revideringa av konsesjon i 2022 og forutsett difor at fiskevelferd og private vassforsyningar vart vurderast den gong. Vi forstår det slik at ingen av dei nye og ulike alternativa får nye negative konsekvensar for våre sektorområde. Vi vil tilrå at dykk hentar inn lokalkunnskap frå Tokke kommune. Mattilsynet har dessverre ikkje detaljkunnskap til det konkrete tiltaket.

Med helsing

Ingrid Flatland
spesialinspektør

Asle Michael Fremgård
avdelingssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK